

**3 strake til Bergane**

Til topps igjen gjekk Vegard frå Matre

**Som venta tok 18-åringen Vegard Årthun Bergane frå Matre sin tredje strake siger i Uskedalens motbakkeløp Solfjelløpet. Han gjorde unna dei 4,8 kilometrane med ein høgdeskilnad på 858 meter på 42,40 og dermed forbetra han sin eigen rekord med nesten eitt minutt. Rekorden frå i fjor var 43,34 Han var over eitt minutt foran orienteringsløparen Sveinung Erland frå Haugesund. Best av damene var også i år Margunn Eik frå Rosendal, som forbetra sin eigen løyperekord med 3 sekunder til 52,54**



Til topps igjen gjekk Margunn frå Rosendal

Arrangørklubbens beste denne gongen var Torstein Monsen (25) som hadde den tredjebeste tida,

Han er etter alt å dømme iferd med å distansera sin 4

år eldre bror Ole Vidar, som er 'grundar' og primus motor for løpet. Denne gongen hadde han den åttande beste tida og vart også slegen av klubbkamerat Oddmund Soldal. Han viste sin styrke også på barmark med den sjetteste beste tida.

Det var ikkje berre innslag frå Haugesund på deltakarlista for konkurranseklassa, det var også deltakarar frå Stord og alle hadde lovord om løypa som passe krevjande. Men berre ein deltakar kunne reknast som utlending - Bjorn Hjelmeland frå IOWA USA!

Arrangørklubben sjølv stilte med ein tropp på 14 i konkurranseklassa og det var imponerande.

Men ikkje desto mindre stakk Omvikedalen av med premien til beste lag. Arrangøren stilte opp med pengepremiar på 4.000 kroner og dei nye løyperekordane var noko som tilfredsstilte krava til premiering, medan klassevinnarane fekk gåvekort.

Når det gjeld oppslutnaden, som for mosjonistane viste ein liten svikt frå i fjor, seier Ole Vidar Monsen til uskedalen.no at dei vil vurdere laurdagen nøye.. Også marknadsføringa kan sikkert forbeistrast, innrømmer Monsen.

Utan å trekkja samanlikninga for langt minnar Solfjelløpet om Birkebeinerrennet - i alle fall med omsyn til den obligatoriske sekken. Fleire av veteranane stilte med Birkebeinersekk i dag, til dømes Bjarne Lilleaas og Pål Haugland. Sekkene deira hadde vore på fjelltur atskillige gonger og då i langt tøffare fjell enn våre.

Solfjelløpet er trass i alt ein snill fjelltur, Bli med til neste år!

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kjell Yri